



SNØ: Det er praktisk å gå inn med smalen medan det enno er att ein del snø. Elvane kan då kryssast på trygge snøbruer, slik som her over Brokefosselva.



LANG REKKE: Det er kjekt å sjå dei lange driftene av smale på veg innover, som her med smale frå Meland som passerer Tyristein på Holmavassreet, og er snart halvvegs til Litlos.



LITLOS: Det vert etter kvart mykje godt grønt gras å eta utover i juli, som her i Litlos i fjor sommar.



<<MATPAUSE>>: Smalen til Brattespe har nettopp hatt «matpause» ved Midtra Vassdalsvatn, med litt ekstra tilskot av mjøl. Dei hadde overnatta i Ninive (hytta til Røldal fjellstyre) på grunn av dårleg ver på fredagen med 20 cm nysnø. Då bildet vart teke laurdag 4. juli hadde dei berre nokre timar att før dei var framme i Litlos der meir grønt gras venta.

Sommaren står for døra i fjellet – smalen er på plass i Litlos

På heimveg frå Litlos laurdag 4. juli, møtte eg den eine smaledrifta etter den andre på strekninga mellom Vassdalen og nedover mot Brokefoss.

DITT HARDANGER

ALLE VAR på veg mot Litlos. Med mykje snø i fjellet denne sommaren er dei litt seinare ute enn vanleg, men rikeleg med snø på denne tida borgar for at det kjem til å bli ein topp beitesesong. Det er dei fyrste groene som har høgast innhald av lett fordøyelig protein og karbohydrat,

og med smeltande snø gjennom heile juli og august, vil det stadig dukka opp ny, god plantevekst. Beita rundt Litlos høyrer til dei beste på Vidda, noko sokneprest O. Olafsen slo fast alt i 1910. Det er bruk på Meland, Brattespe og Espe som framleis nyttar desse beita til smalen, og dagens beitebrukarar er Silje Brattespe og Marius Opedal, Bente og Frode Meland, Anne Gerd Nysveen og Hildegunn Espe.

DEI ULIKE saueflokkane rundt Litlos går kvar for seg i terrenget. Ein flokk held seg opp mot Småholkane og Moldenueten. Nokre går heilt ned mot Øisteinsbu og mot nordaust, medan ein annan flokk nyttar sørsida av Grøndalen og opp mot Sledalen. Andre att går mykje innover Sledalen og over mot Nonsskor. Fel-

les for alle flokkane er at dei beitar meir eller mindre i faste rundar.

LITLOS OG Belebotn vart utropt som stølsområde for gardane på Meland, Brattespe og Espe alt i 1807. Stølinga varte ikkje så lenge, men sauebeitinga har halde fram. Det er difor eit historisk sus når ein møter smaledriftene på veg innover no i byrjinga av juli. Før fylgde dei den gamle Hardingslepa frå gardane ved Sørfjorden og inn til Litlos og Belebotn, men i dag vert smalen transportert med bil inn til enden av Valldalen, der dei så må gå dei vel to mila inn til «Gosen» med ventande gode beite. Når dei skal heim att om hausten, går dei den gamle slepa nordvestover. Då vert det ei overnatting i Nonsskor før dei kjem heim til gards.

FRÅ SOMME hald har det vore argumentert mot sauebeite på Vidda fordi den skulle vera til ugagn for villreinen. I Litlosområdet som mange andre stader på vestvidda, er det ikkje så store sauemengdene. I boka «Våre hjortedyr» refererer Eigil Reimers til studiar som kan antyda at areal med eit moderat sauebeite også kan verta ekstra godt likte av reinen, sidan moderat beiting fremjar planteveksten, og gir beiteplantene ein bra kvalitet gjennom heile sommaren. Det er difor høgst forteneffullt at brukarar på Meland, Brattespe og Espe, saman med andre sauebrukarar i Sørfjorden held oppe denne beitetradisjonen så langt inne på Vidda.

Reidar Borgstrøm
Tekst og foto